
Saksnr: 2020/35102-12
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		10.12.2020

Invitasjon til å investere i investeringsfondet Peak Venture I AS

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune takkar nei til invitasjonen om å delta som investor i investeringsfondet Peak Venture I AS

Samandrag

Fjord Invest Såkorn AS har teke initiativ til eitt nytt investeringsfond/eigenkapitalfond retta mot vekstselskap i regionen, Peak Venture I AS. Målet med Peak Venture I AS er å samle private investorar og kapitaleigarar (bankar, kraftselskap, fond og andre) for felles investeringar i vekstselskap.

Fylkeskommunen vert spurt om å delta som investor i det nye selskapet. Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å takke nei til invitasjonen. Fylkeskommunen bidreg allereie med denne typen investeringskapital gjennom eigardelen i Fjord Invest Såkorn AS.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Investorpresentasjon Peak Venture I AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fjord Invest Såkorn AS (Fjord Invest Såkorn) har teke initiativ til eit nytt investeringsfond/-eigenkapitalfond, Peak Venture I AS (Peak Venture). Målet med Peak Venture er å samle private investorar og kapitaleigarar (bankar, kraftselskap, fond og andre) for felles investeringar i vekstselskap i regionen.

Peak Venture sin investeringsstrategi vil vere å investere i selskap som utnyttar ressursar i regionen, har innovative løysingar m.m. Selskapet vil samarbeide med det etablerte Peak-nettverket som er etablert i Førde og Florø og under etablering i m.a. Måløy og Bergen. For meir informasjon om nettverket, sjå: www.peakspace.no.

Meir informasjon om Peak Venture framgår av den vedlagde investorpresentasjonen og aksjonærinformasjon frå Fjord Invest Såkorn lagt fram for fylkesutvalet 26.11.20. Målet er å samle 30-100 mill. kr i Peak Venture i løpet av 2020.

Fjord Invest Såkorn skal sjølv investere åtte mill. kr i det nye investeringsfondet. Investeringa skjer både med kapitalinnskott (2 mill. kr) og tingsinnskott i form av aksjar i selskapa Evoy, Edyplaytion, Moovin og Norse Feedback.

Private investorar, sparebankar, kraftselskap og andre kapitaleigarar i regionen er invitert til å investere i fondet. Fylkeskommunen vert, saman med dei andre eigarane av Fjord Invest Såkorn, også spurt om å delta som investor i det nye selskapet.

Fylkeskommunen sin eigarprosent i Fjord Invest Såkorn er 55,88. Aksjeposten sin pålydande verdi er 19 mill. kr.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet utøver eigarskapen på vegner av fylkestinget i dei fleste sakene om fylkeskommunal eigarskap, slik det følgjer av reglement for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt fire.

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker om sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.1.

Vurderingar og verknader

Selskapet sitt føremål fell innanfor fylkeskommunen sine vedtekne føremålskategori for eigarskap, nærare bestemt næringsutvikling ved å delta i investeringsselskap som går inn som eigar for å utvikle nye selskap. Sjå Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2019, punkt 1.2.

Fylkesrådmannen rår likevel fylkesutvalet til å takke nei til invitasjonen. Fylkeskommunen bidreg allereie med denne typen investeringskapital ved å ha ein stor eigardel i Fjord Invest Såkorn (55,88 % av aksjekapitalen, pålydande verdi 19 mill. kr.). Gjennom eigarskapen i Fjord Invest Såkorn bidreg fylkeskommunen også indirekte med kapital til Peak Venture, sidan Fjord Invest Såkorn går inn med til saman åtte mill. kr i det nye selskapet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare auka sin eigardel i Fjord Invest Såkorn fleire gonger. Siste gongen, i 2017, var føresetnaden for kapitalinnskottet at selskapet fekk etablert ein breiare eigarstruktur, sidan fylkeskommunen på sikt ønskte å redusere sin eigardel. Fjord Invest Såkorn si investering i Peak Venture endrar ikkje fylkeskommunen sin eigardel i selskapet, men etableringa av Peak Venture vil støtte målet Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt med ønsket om breiare eigarstruktur i Fjord Invest Såkorn; å samle kapital til vekstselskap frå fleire.

Fylkesrådmannen vil vidare påpeike at det å bli eigar i eit slikt investeringsselskap kan, i tillegg til eingongsinvesteringa ved opprettinga, innebere at fylkeskommunen med jamne mellomrom vert beden om å delta i kapitalutviding.

Økonomi:

Eit positivt svar på invitasjonen inneber ei eingongsinvestering for fylkeskommunen. Som eigar kan fylkeskommunen også bli beden om å delta i seinare kapitaltilskot i selskapet.

Klima:

Investeringa kan bidra til å styrke saka satsinga Vestland har på grøn omstilling og nye framtidsretta arbeidsplassar.

Folkehelse:

Ikkje direkte relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Peak Venture vil vere eit nyttig instrument for innovasjon og næringsutvikling.

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å takke nei til invitasjonen. Fylkeskommunen bidreg alt med denne typen investeringskapital ved å ha ein stor eigardel i Fjord Invest Sårn AS..